

●● Koronakrisa
har synt oss kor lita
verda er.

LES DAGENS LEIAR



●● Mitt beste pakketips
må vere å ha tid til
kvarandre.

TIL SIST



Fjordenes Tidende

Størst i Nordfjord

NR. 55, 110. ÅRGANG

fredag

17. JULI 2020

LAUSSAL KR 30,-

FOTO: BJØRN ERIK DRABLOS



Satser på nybygg i sentrum

Til tross for at arbeidet med den nye Skramsgården nylig har kommet i gang, har flere vist sin interesse for det nyskapende bygget i Måløy. Daglig leder i Ariel

Eiendom, Sverre Søraa, kan fortelle at den største leiligheten allerede er solgt. Nybygget vil også inneholde kontor- og butikklokaler. **SIDE 4 OG 5**



Meiner klosteret har stor betydning

– Det er ekstremt viktig at vi varetar dei kulturhistoriske bygga, monumenta og stadane som ein har i Norge, sa kultur og likestillingsministeren då han besøkte Selja. **SIDE 8 OG 9**



Vil ha to avgangar

Vanylven-ordføraren er glad for at Åheim er anløp i sør, men håpar på fleire ruter. **SIDE 2 OG 3**



Reiser Norge rundt med musikken

Josué Katulanya satser på musikken og har sammen med storebroren Amani og søstrene Maggy og Angel spilt inn fire egne musikkvideoer fra Bergen, Ålesund og Oslo. **SIDE 16 OG 17**



LEIAR: Elleve personar vil leie utdannings- og ressursssenteret i Kinn kommune.

Desse vil leie utdannings- og ressursssenteret

Elleve søkjarar meldt si interesse rundt stillinga som dagleg leiar for Kinn kommune sitt utdannings- og ressursssenter.

KURS (Kinn utdannings- og ressursssenter) KF administrerer all kommunal flyktning- og inn-

vandraraktivitet i Kinn kommune med opplæring i mellom anna norsk og samfunnsfag, introduksjonsprogram, kommunal busetting og integrering. I tillegg har KURS ei forskings- og utviklingsavdeling. KURS er til stades i både Florø og Måløy.

Desse har søkt på stillinga: Malin Isabelle Daviknes (32) som er partnership coordina-

tor, Cecilie Eikefjord Udberg-Helle (46) som er inspektør ved KURS KF, Adil Hijaz (33) som er accountant general, Leiv-Tore Aamot (53) som er næringsdrivande, Natalie Beitveit (25) som er pedagogisk leiar, Gyda Louise Andersson (33) som er dagleg leiar, Bente Nilsen (47) som er dagleg leiar ved Florø frivilligsentral og Vigdis Øst-

gård (47) lektor med opprykk. Tre søkjarar er ikkje oppført med namn på søkjarlista. Dette er to menn og ei kvinne.

BJØRN ERIK DRABLØS
bjorn@fjt.no

– Historia er musikk i øyra mine

Då Stad kommune fekk besøk av kultur- og likestillingsministeren fekk han oppleve klosterøya.

– Historia om Sankta Sunniva, Noregs einaste kvinnelege helgen og skytshelgen, er musikk i øyra for likestillingsministeren, seier Abid Raja (V), kultur- og likestillingsminister, som besøkte Selja onsdag.

Abid Raja kom på feriereise til Stad, og det var det fleire andre stader som stod på besøksprogrammet, mellom anna Sagastad.

Fjordenes Tidende spurde statsråden korleis han ser på vekt av Selja som turistmål og besøksmål med formidling av historia om kristninga av Vestlandet og Noreg.

– Det er ekstremt viktig at vi varetar dei kulturhistoriske bygga, monumenta og stadane som ein har i Noreg. Det er den historia vi kjem frå, og den sei-

er noko om kven vi er. Det å ta vare på historia si er ein veldig viktig del av det å vere norsk, og ikkje minst seier det noko om kor vi er på vegen, seier Abid Raja.

Han seier at Noreg jo er eit kristenhumanistisk land og at det må vi anerkjenne og sjå betydinga av.

– Det er det som har vore med og forma nordmenn i fleire hundre år. Det må vi anerkjenne og det må vi vite og kjenne til.

Det er Abid Raja som skal opne Olavsfestdagene i Trondheim, og han seier at det å besøke Selja er ein viktig bit av det.

– Eg var førre veke i kyrkja på Kinn, som også er ein viktig del av pilegrimsreisene. Det å kjenne til denne historia er viktig også for meg som kulturminister, seier Raja.

Han ser at Selja både er ein vakker stad og for truande ein veldig viktig stad.

– Eg ser korleis dei føler, og

føler roa, og ein føler tilhørslse. Vi må anerkjenne menneska sitt behov for å søke etter det som er høgare enn ein sjølv, seier Abid Raja.

Det var ordførar Alfred Bjørlo (V) i Stad kommune som var vertskap for ministerbesøket, og som tok imot Abid Raja på Selja saman med Stad Venstre og Bjørgvin bispedøme. Vertskap og gjester vandra på stien frå Bø og ut til kloster- og helgenanlegget, og mellom andre Bjørn Jensen orienterte om ruinprosjektet som Riksantikvaren har på Selja. Prest Kari Leine Balog leia ei økumenisk messe, og Ragnhild Aadland Høen frå katolsk kyrkje fortalde om Sunnivalenda.

I helleren var det også song ved den ortodokse kyrkja. Bjørgvin bispedøme presenterte Sunniva Seglas som er planlagt med start 28. august.

SIRI KOLSETH
siri@fjt.no



BESØK: Onsdag besøkte kultur- og likestillingsminister Abid Raja (V) Selja. Her flankert av ordførar Alfred Bjørlo (V) i Stad kommune og sokneprest Beate Folkestad Osdal. FOTO: SIRI KOLSETH



HER BLIR DET HYBLAR: Husevåg Arkitektur AS har fått dispensasjon til å gjere 3. etasje i Fjellmøybuda i Måløy om til hyblar. FOTO: ANDREAS HELLENES

Har fått løyve til å lage seks hyblar

Kinn kommune har gitt dispensasjon til å gjere 3. etasje i Fjellmøybuda i Måløy om til hyblar.

Per i dag er det ni kontor med felles kjøkken/spiserom, datarom og bod/lager i 3. etasje. Arkitektfirmaet har søkt om dispensasjon og bruksendring for etasjen, slik at den kan gjerast om til seks hyblar.

– Med bakgrunn i det over-

ståande og søkjar si skildring av tiltaket og grunngeving for dispensasjonssøknaden, finn Kinn kommune at vilkåra for å gje dispensasjon i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylt. Kommunen godkjenner derfor søknad om dispensasjon, skriv Kinn kommune i si vurdering av søknaden.

I vurderinga heiter det at tre av kontora i 3. etasjen leigast ut til drift av fysioterapi, medan dei andre seks kontora har stått

ledig lengre tid som følge av ein stadig vanskelegare marknad for kontorutleige i Måløy sentrum.

– Tomme lokale midt i Måløy sentrum er lite gunstig både for et levande og aktivt sentrum og for økonomien til huseigarane i sentrumsområdet. Hyblar i staden for kontor vil derfor bidra positivt, skriv kommunen.

MARIANNE SOLHEIM ROTHHAUG
marianne@fjt.no

Får 25.000 kroner til oppfølging

Kinn kommune får 25.000 kroner i tilskot til smitteverns- og oppfølgingsarbeid for personar med rus- og psykiske helseproblem.

Den samla søknadssummen frå

kommunar i Vestland er nær 12,5 millionar. Fylkesmannen i Vestland har fått ei belastningsfullmakt på 6,2 millionar kroner. Fylkeskommunen har prioritert å gi tilskot til kommunane som har søkt, men har ikkje nok til å tildele midlar i samsvar med søknaden.

Fylkesmannen gjer merksam på presisering frå Helsedirekto-

ratet om at tilskotet skal brukast i 2020. Då dette er ei ekstraordinær løyving som skal hjelpe i ein mellombels situasjon, skal midlane som hovudregel verte brukte inneverande år. Kinn har søkt om tilskot til innkjøp av utstyr til bruk i lågterskeltilbod.

MARIANNE SOLHEIM ROTHHAUG
marianne@fjt.no

Bekymret for råkjøring

Organisasjonen Ung i trafikken roper varsku om ungdommens råkjøring. En undersøkelse fra Statens vegvesen viser at 74 prosent av oss ønsker å bruke bil eller motorsykkel på årets sommerferie i Norge. Over halvparten av dem som ikke pleier å dra på bilferie tenker å gjøre det i sommer. – Hittil i år har 51 personer mistet livet på norske veier, ti av dem er i aldersgruppen 16–25, sier prosjektleder i Ung i Trafikken, Liv Marie Bendheim i en pressemelding.



Har ikkje fått landingsplass-svar

Grendelaget i Osmundsvåg har enda ikkje fått svar på sitt spørsmål om kva ein skal gjere med helikopterlandingsplassen i bygda.

I vinter bad grendelaget i Osmundsvåg om at Kinn kommune såg på saka der redningsmannskap ved akutt sjukdom blei nøydde til å bruke

moloen i bygda som landingsplass. Problemet var berre at moloen, som skal vere ryddig til kvar eit tid, ikkje var det.

– Vi har framleis ikkje fått noko form for respons. (...) Sommaren er her alt og mykje besøkjande til Silda og liknande okkuperer moloen for tilkomst med sine bilar, heiter det i brevet som er sendt til kommunen. I brevet frå i vinter heiter det at: « – Helikopteret hadde ingen annan trygg landingsplass

enn Kystverket si kai på moloen i Osmundsvåg. Det er Kystverket som eig kaia. På denne kaia står det skilt med informasjon om parkering forbode, samt at den skal vere ryddig» skriv grendelaget og legg til:

– Denne aktuelle dagen låg der tauverk og anna utstyr som blokkerte. Mannskapet på helikopteret måtte difor bli heist ned for å rydde kaia.

MARIANNE SOLHEIM ROTHHAUG
marianne@fjt.no

NYE SELSKAP

Smørdal Hjellev Gard og Hønserei

16. juni 2020

Kommune: Stad

Formål: Jordbruksvirksomhet med kjøtt, melk og eggproduksjon.

Organisasjonsform: Enkeltpersonforetak

Innehaver: Reidun Smørdal Hjellev

Vestfold Chituning Florø v/havn

19. juni 2020

Kommune: Kinn

Formål: Vedlikehold og reparasjon av motorvogner

Organisasjonsform: Enkeltpersonforetak

Innehaver: Christer Leversund Havn

Akkomod AS

23. juni 2020

Kommune: Bremanger

Formål: Fysioterapi, konsulentvirksomhet innfor bedriftshelse-tjeneste og andre produkter/tjenester som naturlig hører til dette, herunder å delta i andre selskap med lignende virksomhet, og kjøp og salg av aksjer eller på annen måte gjøre seg interessert i andre foretak. Selskapet kan også drive med kjøp/drift av fast eiendom.

Organisasjonsform: Aksjeselskap

Styreleder: Asle Jonny Førde

Ark1 Holding AS

23. juni 2020

Kommune: Stad

Formål: Kjøp, salg og forvaltning av aksjer og dessuten utøve de funksjoner som normalt ligg under rolla som holdingselskap.

Organisasjonsform: Aksjeselskap

Styreleder: Kjell Skårhaug

Havlandet Norcod AS

23. juni 2020

Kommune: Kinn

Formål: Produksjon og salg av torsk, samt det som naturlig står i forbindelse med dette.

Organisasjonsform: Aksjeselskap

Styreleder: Oddgeir Ragnar Igland

Artstad Stadnichenko

26. juni 2020

Kommune: Stad

Formål: Utførelse og salg av visu-ell kunst, samt kjøp og salg av kunst som er naturlig tilhørende.

Organisasjonsform: Enkeltpersonforetak

Innehaver: Olena Stadnichenko

Stad VVS Holding AS

26. juni 2020

Kommune: Stad

Formål: Investering i verdipapirer, konsulentvirksomhet og å eie og forvalte fast eiendom og hva som herved står i forbindelse, samt gjennom samarbeidsavtaler, kapitalinnskudd eller aksjetegning å delta eller gjøre seg interessert i andre selskaper med ervervmessig formål.

Organisasjonsform: Aksjeselskap

Styreleder: Jon-Magne Svendsen

Lillebø Invest AS

30. juni 2020

Kommune: Stad

Formål: Investering i verdipapirer, konsulentvirksomhet og å eie og forvalte fast eiendom og hva som herved står i forbindelse, samt gjennom samarbeidsavtaler, kapitalinnskudd eller aksjetegning å delta eller gjøre seg interessert i andre selskaper med ervervmessig formål.

Organisasjonsform: Aksjeselskap

Styreleder: Kurt Sjøstad

Fjellmøy Holding AS

3. juli 2020

Kommune: Stad

Formål: Å være et investerings-selskap, herunder investeringer i aksjer, andeler i selskap etter selskapsloven og utenlandske selskaper, obligasjoner, fast eiendom og annet som står i naturlig forbindelse med dette.

Organisasjonsform: Aksjeselskap

Styreleder: Stig-Jarle Ervik

Quick Fish AS

3. juli 2020

Kommune: Kinn

Formål: Fiske og fangst samt det som naturlig står i forbindelse med dette.

Organisasjonsform: Aksjeselskap

Styreleder: Benjamin Thomas Nekkøy

Salco Barmen

6. juli 2020

Kommune: Kinn

Formål: Nettbutikk med klær. Organisasjonsform: Enkeltpersonforetak

Innehaver: Øystein Barmen

KILDE: BRØNNØYSUNDREGISTRENE